

# Kjærleik og musikk

Ei 100 år gammal kjærleikshistorie som begynner hos fru Anda på Tu er utgangspunktet for forteljar-konserten på Pastabakeriet torsdag.

**ANNE BERIT HATLEM** | tekst og foto  
abh@jbl.no

Anne Elisebeth Skogen er forteljar og dramalærer i kulturskulen i Suldal. Tove Solheim, opprinneleg frå Nærbø, er musikal og spelar fiolin og hardingfele. Dei to samarbeider om forteljarkonserten som handlar om kjærleikshistorier. Musikken bind saman forteljingane og gir deg rom for refleksjon.

- Eg er vaksen opp med ein rik forteljetradisjon, og har i grunnen alltid drive med forteljing, fortel Anne Elisebeth Skogen. Det var faren, men og mange eldre folk som hadde historier å fortel-



**FØRSTE GANG PÅ JÆREN:** Forteljar Anne Elisebeth Skogen (biletet) og musikal Tove Solheim kjem til Bryne med ei kjærleiksforteljingar og musikk..

ja. Anne Elisebeth sat som fengsla, når ho kjeda seg i timen, dikta ho drama. I vaksen alder har ho

gjort meir av det, og teke utdanning som muntleg forteljar.

Basert på historier ho har

høyrte eldre folk fortelja, utviklar ho dei vidare. Eldste kjelden hennar er ei 95 år gammal dame som stadig har mykje å fortelja. Skogen les aviser og snakkar med andre kjelder, slik vert det hennar eige stoff. Ho fortel ut frå segner og legender, men mest fascinert er ho av livshistorier.

- Kjærleikshistoria frå Anda er ei av desse, fortel ho. Dei to andre er omvendt kjærleikshistorier. Den eine begynner med at ho får eit syn som ho ber med seg, og dei konsekvensane det får. Kjærleik har mange vegar, og den treng ikkje å begynna på same måten.

I gamle dagar, før radioen og fjernsynet si tid, var forteljinga den måten folk brakte vidare tradisjon, eventyr og segner. No har forteljinga fått sin renessanse. Og det fengjer, det har Anne Elisebeth Skogen opplevd mange gonger.

- Noko av det sterkaste eg har opplevd er når 70 ungdomsskulelevar sit musestille og lyttar på

det eg fortel. Det er meir bråk i datarommet, smiler forteljaren.

Å bli ein god forteljar, handlar om å gjera stoffet til sitt eige uttrykk, og å vera personleg i måten du formidlar det på. Ho trur stoffet fengjer nettopp fordi det er noko av det opprinnelege og enkle.

Dette er første gang at Anne Elisebeth Skogen opptre på Jæren. Ho har fortalt både på Sting, i barnemuseet og på forteljar-senteret i Sandnes. Forestillinga «Tamaras mareritt», om Tamara som opplevde krigsutbrotet i Sarajevo då ho var 14 år og no er etablert kvinne i Norge, hadde ho både på Det Norske Teatret og under dei nynorske festspela i Volda.

Ho jobbar med fleire prosjekt, eit av dei ho førebels bare har i bakhovet og har lyst å gjera noko med, er den om Astrid frå Obrestad, mor til Olav Tryggvason. Kanskje er det den neste historia ho kjem til Jæren med.